

8. Løddesøl, Aasulv: Synkningsproblemer på myr. Medd. fra Det norske myrselskap nr. 5/1956.
9. Løddesøl, Aasulv: Om jordødeleggelse og om tiltak for å verne jordsmonnet i Norge. Medd. fra Det norske myrselskap nr. 5/1950.
10. Lømsland, D.: Om grunnlaget for vannregulering på myr. Medd. fra Det norske myrselskap, nr. 3 — 6/1946.
11. Mogensen, A. F.: Forudbestemmelse af Jordlags Sammentrykning som Følge af Grundvandssænkning. Hedeselskabets Funksjonærblad, nr. 2 for 1947.
12. Skaven-Haug, Sv.: Strørtorvens vanninnhold og tørking. Medd. fra Det norske myrselskap nr. 3/1946.
13. Terzaghi, K. und Fröhlich, O. K.: Theorie der Setzung von Ton-schichten. Wien und Leipzig 1936.
14. Terzaghi, K. and Peck, R. B.: Soil Mechanics in Engineering Practice. New York and London 1948.
15. Thompson, J. B. and Palmer, L. A.: Report of Consolidation Tests with Peat. American Society for Testing Materials. Baltimore 1952.

---

## FORSØK MED BAKTERIESMITTE TIL KVITKLØVER

*Av amanuensis S. Røyset.*

### F ø r e o r d.

Det forsøket ein her skal gjera greie for, var det første som i det heile vart lagt ut på den ny-innkjøpte Statens forsøksgard Fureneset i Askvall herad. På ein ny forsøksgard som for det meste hadde berre udyrka lyngmark og myr, ville eit slikt forsøk med bakteriesmitting ikkje berre vera forvitneleg, men også ha aktuell interesse vidare utover. For endå om smitting med *Rhizobium* — kvævesamlande bakteriar for belgplantane, ikkje var heilt nytt og ukjent i det vest-norske jordbruket, så torde eit slikt forsøk vera i alle fall eit av dei første som er utført i Vest-Noreg med smitting av jorda med ein reinkultur av kvitkløver-rotbakteriar.

### I n n l e i n g.

Ein veit at bestemte sortar bakteriar (*Bacillus radicolica*) lever i eit «venskapeleg samliv» på eller i røtene hjå alle belgplantar, og skaffar i alle fall det meste av det kvævet som desse vokstrane har bruk for. Ofta kan det også sjå ut til at dei ymse slag belgplantar ikkje set serleg stor pris på dei kjemiske kvævebindingar som vert tilførde med kunstgjødsel. Men om dette er ei av årsakene til at gras-vokstrane i enga aukar på kostnad av kløveren, kan ein likevel ikkje seia noko sikkert om.

Ein veit også om at det fins fleire biologiske rasar av den nemnde bakterien som held seg til bestemte belgplanteslag, og som også har ulike stor evne til å samla og gjeva frå seg kvæve. Det ser med andre ord ut til at bakteriar for eit og same belgplanteslag har forskjellig virulens.

Ertebakteriar synes såleis ikkje å høve for kløver eller omvendt, og lucernebakteriar synes ikkje å høve godt for dei andre belgplantane. Det er også vanleg å reindyrka gode kulturar av lucernebakteriar og smitta jorda der lucerne ikkje tidlegare har vore dyrka. Elles er det frå gammalt av vel kjent å ta smittejord frå gamal, god åker og føra til der det tidlegare ikkje har vore dyrka erter.

På Det norske myrselskaps forsøksgard på Mære har det vore utført fleire slike forsøk med ymse slag smitte (ikkje reindyrka bakteriesmitte) som Hovd (2) har gjort greie for. Desse forsøka synte at 1 lass smittejord var ei langt betre smittekjelde enn 5 lass husdyrgjødsel, og 1 lass smittejord + 5 lass husdyrgjødsel gav eit endå betre resultat.

Det er også utført granskingar over nitrifikasjonen i ymse slag jord og med ymse slag innblandingar i jorda av til dømes husdyrgjødsel, halm og sagflis. Her i landet har Solberg og Braadlie (3) utført slike granskingar som tvillaust er av stort verd. Men endå om desse granskingane er utførte på mange jordtypar med og utan plantevekst over store luter av landet, så var ikkje jord frå Vest-Noreg med i granskingane, og difor kan ein ikkje draga nokre slutnader av desse forsøka om korleis det er med nitrifikasjonen i det regnrrike vestnorske verlaget.

Slike granskingar over nitrifikasjonen i udyrka lyngmark og myr her i Vest-Noreg er likevel utførte av Gaarder og Hagem (1). I dei utførte forsøka synte det seg at i lyngmark og myr var det liten eller slett ingen nitrifikasjon. Ein må difor kunne gå ut frå at i udyrka jord av dette slaget er det på jamnen svært liten nitrifikasjon, og at mikrofloraen i denne jorda for det meste er ymse sopparter som har lite verd for kvæveforsyninga til belgplantane. Ein skal her få nemna eit døme som truleg kan syna dette.

I 1933 la forfattaren ut eit orienterande forsøk for professor Hagem med kvitkløversmitte til heilt udyrka myr. Myra var djup og lågtliggjande, og feltet vart lagt ut med 4 forsøksruter som kvar var nær 1 dekar store. Feltet vart overflatedyrka og dei to diagonalt motsette forsøksrutene vart smitta med bakteriekultur frå Svenska Bäljväxtlaboratoriet, Uppsala. Dei to andre diagonalrutene vart liggjande usmitte. Feltet vart inngjerda med sterkt gjerde.

To dagar etter utstrøying av smitta hadde det kome to mann som gjekk over gjerde og inn på ei smitta rute og fortsette over denne og over den usmitte naboruta. Ut på sommaren då Hagem, forfattaren og feltverten inspiserte feltet, vart ein merksam på nokre frodige kvitkløverdottar på den usmitte forsøksruta, medan kvitkløveren utanom anten var utdødd eller stod bleik og vesal. Graset utanom dottane var også mindre frodig. Feltverten kom då på dei to mennene som hadde gått over gjerdet, og ved nermare gransking synte dei frodige kløverdottane seg då som to par spor i snø tvers over den

usmitta forsøksruta. Ei gransking av kløverrøtene i dottane synte mykje bakterieknollar, medan det på kløverrøtene utanom dottane ikkje fans bakterieknollar som var å nemna. Ein må gjera merksam på at til lenger spora kom bort frå den smitta ruta, til mindre vart kløverduskane, men kløverduskane var der heilt til spora kvarv ut av feltet. Dette dømet kan knapt takast for anna enn at den udyrka myra var fri for kvævesamlande bakteriar.

#### Forsøksplan.

Ut frå den røynsle ein såleis meinte å ha om føremonene med smitting av nydyrka myrjord med ein god bakteriekultur, vart det på Statens forsøksgard Fureneset i tida 1940 til 1942 gjennomført eit forsøk med å smitta nydyrka myr med ein god *Rhizobium*kultur. Kulturen var reindyrka rotbakteriar for kvitkløver, og var særskilt føreskriven for dette forsøket frå Svenska Bäljväxtlaboratoriet i Uppsala.

Forsøket vart lagt ut etter den nedanfor oppsette plan:

- a. utan bakteriesmitte og utan husdyrgjødsel,
- b. smitte med bakteriekultur,
- c. ikkje bakteriesmitte, 1000 kg husdyrgjødsel pr. dekar i anleggsåret,
- d. bakteriesmitte + 1000 kg husdyrgjødsel pr. dekar i anleggsåret.

Forsøket vart lagt ut som latinsk kvadrat med vanleg rutefordeling. Anleggsrutene var  $7 \times 7 \text{ m} = 49 \text{ m}^2$ , 2 m grensebelter,  $5 \times 5 \text{ m} = 25 \text{ m}^2$  hausteruter, 4 samruter og 16 forsøksruter i alt.

Eigentleg vart forsøket lagt ut om sommaren i 1939, og så vel smitting, husdyrgjødsling, frøsåing og andre forsøksdata refererar seg til dette året. Men forsøket vart sådd så vidt seint på sommaren i 1939 at det ikkje vart avling som var verd å hausta dette året.

Grensebelta vart lagde ut med 2 m breidd for mest mogleg å minka fåren for å draga bakteriesmitte og husdyrgjødsel over frå smitta hausteruter til usmitta ledd. Og elles tok ein alle dei rådgjerder som ein meinte var turvande for så effektivt som mogleg å minka fåren for overføring av smitte frå eit forsøksledd til eit anna.

Då det var eit større område som vart gjort i stand til beite, strødde ein ut kunstgjødsla over heile vidda før forsøket vart oppmerkt. Frøet vart like eins utsådd føreåt og straks etterpå vart forsøket oppmerkt. Etter at forsøket såleis var nøgje oppmerkt, vart husdyrgjødsla spreidd ut på ledd c og d, og molda omhyggeleg ned i overflata med ei handrive. Sjølve bakteriekulturen vart omhyggeleg blanda med litt soltørka, pulverisert myrjord og spreidd ut på ledd b og d så seint om kvelden at sola var gått ned, og smitta vart blanda lett inn i jorda med ei handrive. Under arbeidet med utstrøing av så vel smittejord som husdyrgjødsel, var ein særst varsam med å gå frå ei forsøksrute til onnor og i tilfelle berre over grensebelta i skiljet

mellom forsøksrutene. Feltet vart også gjerda inn med sterkt gjerde for å hindra trakk av uvedkomande og av beitedyr.

#### Jordart og gjødsling.

Den myra forsøket vart lagt ut på, låg høgt og var om lag 0.8 til 1 m djup, tett myr på tett samanpakka, steinut morenegrus. Den naturlege plantesetnaden på myra var nokså tett, men ikkje særleg storvaksen røsslyng (*Calluna vulgaris*) og innimellom berre nokre spreidde eksemplarer av smylebunke (*Deschampsia flexuosa*), raudsvingel (*Festuca rubra*), sauesvingel (*Festuca ovina*) og dessutan nokre få sortar av ymse halvgras og noko torvmyrull (*Eriophorum vaginatum*).

Lyngen vart avsvidd over eit større område ut på hausten i 1933. Seinare på hausten i 1938 og om vinteren og våren i 1939 vart jorda grøfta med 1 m djupe grøfter, og på føresommaren vart heile jordvidda arbeidd med fræsar til 8 og 10 cm djupn og jorda vart kalka med 8 hl skjelsand pr. dekar. Det var såleis ei typisk overflatedyrking for denne jorda, som elles var nokså fast og tett, og som skulle brukast til beite.

Så vel det jordstykket som var utsedd til forsøk, som jordvidda ikring vart ei tid etter fræsing og kalking gjødsla med 35 kg fullgjødsel I pr. dekar, og feltet vart sådd med ei frøblanding av 20 % kvitkløver, 30 % timotei, 15 % engsvingel, 15 % engrapp, 10 % raudsvingel og 10 % engkvein og ei såmengd på 4 kg pr. dekar. Gjødsla vart lett nedmolda med fræsar og frøet vart molda ned i jordyta med ei handrive.

Frøet spirte jamnt over heile jordområdet, men for skuld sein såing først i juli månad, vart det ikkje nemnande gras å hausta på feltet før i 1940.

I 1940 vart forsøksfeltet på ny gjødsla med 35 kg fullgjødsel I pr. dekar med gjødsla oppvege til kvar forsøksrute. I 1941 var fullgjødsla bytt ut med ei gjødsling på 45 kg kalkammonsalpeter, 40 kg superfosfat, og 30 kg kaliumgjødsel 33 %. Kvar gjødselslag vart vege opp kvar for seg til kvar forsøksrute på vanleg måte, og kalkammonsalpeteret vart delt på to utstrøingar med 30 kg om våren og 15 kg etter første slått. I 1942 vart forsøket på ny gjødsla med fullgjødsel I, men då med 50 kg pr. dekar og såleis at det vart strødd ut 35 kg fullgjødsel om våren og 15 kg etter første slåtten. All gjødsel i kg pr. dekar.

Forsøket vart hausta to gonger pr. år og første hausting vart kvart år utført til om lag same tid i slutten av juni, og andre slåtten vart utført anten dei siste dagane av august eller først i september.

#### Veret i forsøksåra.

Ein har diverre ikkje meteorologiske observasjonar for forsøksåra, då forsøks garden enno ikkje hadde fått turvande apparatur. Men etter noteringar om veret, var åra 1940 og 1941 om lag normale både

med omsyn til nedbør og temperatur. Årsnedbøren kunne vel vera om lag 1900 mm og sommarnedbøren i tida mai—september var om lag 600 mm, og elles var det lite snø om hausten og vinteren. I 1942 var det derimot uvanleg kald vinter med mykje snø, men med eit tolleg bra sommarver etter vestnorske tilhøve.

#### Forsøksresultat, diskusjon.

Forsøket vart som alt nemnt hausta to gonger pr. år når plante-setnaden var komen til om lag same utviklingstrin, og det var her utviklinga av timoteien ein tok omsyn til.

Avlingsresultatet for dei einskilde forsøksledd er ført opp i tabell 1 for kvart år og med medelavling for tre år i kg høy pr. dekar.

Tab. 1. *Avling i kg høy pr. dekar og år i 1940—1942.*

År/ledd	a	b	c	d
	kg høy	kg høy	kg høy	kg høy
1940 .....	544	637	520	683
1941 .....	510	605	542	604
1942 .....	597	703	654	742
Medel	550	648	572	676

I tabell 2 er ført opp meiravlingane av ledd b, c og d jamført med ledd a for kvart år, og med medel meiravling for tre år i kg høy pr. dekar.

Tab. 2. *Meiravling av ledd b, c og d jamført ledd a.*

År/ledd	b	c	d
	kg høy	kg høy	kg høy
1940 .....	+ 93	÷ 24	+ 139
1941 .....	+ 95	+ 32	+ 94
1942 .....	+ 106	+ 57	+ 145
Medel	+ 98	+ 22	+ 126

Det går fram av tabell 1 at avlingane av dei einskilde forsøksledd i dei einskilde forsøksår ikkje var så svært store. Men nemnande større avlingar kunne ein vel heller ikkje venta, for jorda var for det første ny, overflatedyrka myr og dessutan kunne ein ikkje venta at ei beitefrøblanding som den ein her brukte, ville gjeva så ruvande store høyavlingar. Tek ein omsyn til dette, var høyavlingane ikkje så radt små og dei såg elles ut til å ville auka med åra etter kvart som plantesetnaden fekk festa seg betre.

Det som likevel hadde størst interesse i dette forsøket, var å sjå korleis kvitkløveren og plantesetnaden i det heile ville reagere for



Fig. 1. Kvitkløver etter smitting med rotbakteriar. Til venstre ein del av forsøket. I forgrunnen ikkje smitta jord.

bakteriesmitte (b), husdyrgjødsel (c) og for bakteriesmitte + husdyrgjødsel (d).

Det ein snøgt la merke til var at kvitkløveren på alle dei usmitta a-ledda, og i alle forsøksåra syntes å vera meir grissen og hadde ein mindre frodig vekst enn på dei bakteriesmitta ledda b og d. Dei første par åra såg det også ut til at grasartene var mindre frodige på ledd a enn på dei andre forsøksledda, trass i at det var gjødsla eins over heile forsøksfeltet. Det kunne difor sjå ut til at skort på kvitkløversmitte på ledd a også hadde ein viss verknad på grasveksten.

På ledd b som i 1939 vart smitta med kvævebakteriar, var det alt frå første forsøksåret ein svært frodig og tett vekst av kvitkløver. Grasartene syntes også å vera frodigare og syntes også å ha ein friskare grønfarge enn på det usmitta ledd a. I det første forsøksåret gav ledd b også ei stor og sikker meiravling på 93 kg høy, og meiravlinga auka i 1941 og 1942 til 95 og 106 kg høy, med ei medelavling for tre år på 98 kg høy pr. dekar jamført med ledd a. Dette er ei meiravling som knapt kan vera nokon slump, for meiravlinga av alle 4 b-rutene var nokså jamn og kan såleis knapt ha onnor årsak enn at b-leddet var smitta med ein god bakteriekultur.

Heilt annleis var det med veksten på ledd c som i 1939 berre hadde fått tilført 1000 kg husdyrgjødsel pr. dekar. Kvitkløveren vaks vel i alle fall flekkvis ein liten smule betre enn på ledd a, men var i alle høve monaleg grissnare og mindre frodig enn på ledd b. Avlingstala for ledd c syner også dette, for det første året var avlinga av ledd c 24 kg høy pr. dekar mindre enn på ledd a. Og først det siste

forsøksåret er avlingsmengda 57 kg høy pr. dekar større enn på ledd a. Men den medel meiravlinga for tre år vart berre 22 kg høy pr. dekar jamført med ledd a eller knapt 1/4 av medelmeiravlinga på ledd b. Dette kan berre tyda på at husdyrgjødsla på slik nydyrka myr ikkje er noko serleg verksam smittekjelda for kvævesamlande bakteriar. Og dette at kvævebakteriane kunne «ala seg til med åra» syntes heller ikkje å ha så svært mykje med den veike husdyrgjødslinga det første forsøksåret å gjera.

På ledd d som i 1939 vart tilført både bakteriesmitte og husdyrgjødsel, var det heilt annleis. Alt i det første forsøksåret (1940) gav ledd d ei svært stor og sikker meiravling på 139 kg høy, og endå om meiravlinga det andre forsøksåret berre vart 94 kg høy, så auka meiravlinga i tredje og siste forsøksåret (1942) til 145 kg høy og den medel meiravling for tre år vart 126 kg høy pr. dekar jamført med ledd a.

Dette syner at bakteriesmitting av ledd d var svært verksam, for kvitkløveren vaks i alle år svært frodig og tett. Men denne utrekninga fortel elles lite om den verknad husdyrgjødsla kunne ha hatt på avlingsresultatet både for dei einskilde år og for medeltalet.

Den utrekning av avlingsresultatet for ledd d som er sett opp nedanfor, torer likevel syna at husdyrgjødsla har hatt ein viss verknad.

$$\begin{aligned} \text{Bakterieverknad} &= \frac{(b \div a) + (d \div c)}{2} = \frac{(648 \div 550) + (676 \div 572)}{2} \\ &= 101 \text{ kg høy pr. dekar.} \end{aligned}$$

$$\begin{aligned} \text{Husdyr-} \\ \text{gjødselverknad} &= \frac{(c \div a) + (d \div b)}{2} = \frac{(572 \div 550) + (676 \div 648)}{2} \\ &= 25 \text{ kg høy pr. dekar.} \end{aligned}$$

Etter denne utrekning ser det ut til at bakterieverknaden på avlingsauken av ledd d er om lag like stor som bakterieverknaden på ledd b (98 og 101 kg høy pr. dekar). Verknaden av husdyrgjødslinga er derimot liten og synes å vera den same som verknaden av husdyrgjødslinga på ledd c (22 og 25 kg høy pr. dekar), eller knapt 1/4 av den verknad bakteriesmitta hadde. Det synes difor å vera nokså klårt at ei veik husdyrgjødsling på denne jorda har hatt liten verknad i høve til den verknad bakteriesmittinga hadde.

Ei gransking av bakterieknollane på kvitkløverrøtene syntes også til fullnads å visa dette. På ledd a var det i alle år både få og små knollar på kvitkløverrøtene, endå om knolltalet syntes å ville auka ein liten smule med åra. Dei små bakterieknollane satt også nokså langt ute på røtene, endå om ein ikkje veit sikkert om dette hadde noko å seia for den kvævesamlande verknad bakteriane måtte ha.

Mest det same var tilfelle på ledd c. Her var det også få og små knollar på røtene, og knollane satt for det meste nokså spreidde ut over rotnettlet til kvitkløveren. Berre ein og annan kløverplante hadde

litt større og meir samla knollar, men dette kunne mogleg ha si årsak i at det var ført over bakteriesmitte frå b eller d, trass i at ein hadde teke dei rådgjerdar ein kunne for å hindra slik overføring av smitte.

Heilt annleis var det på kvitkløverrøtene frå både ledd b og d. Utan unnatak fann ein her nokså store bakterieknollar, og ein stor del av knollane satt inne ved rothalsen eller på hovudrøtene, medan det var mindre bakterieknollar spreidde ut over rotnettet. Ofte satt bakterieknollane så høgt opp mot overflata på dei krypende kvitkløverrøtene at dei hadde den same grønleg-gule fargen som kløverrøtene når dei kraup i jordyta. Men om denne plasering av bakterieknollane var eit teikn på at bakteriane på røtene frå ledd b og d hadde sterkare kvævesamlende evna, kan ein ikkje seia noko sikkert om.

Ei nøgja botanisk analyse av plantesetnaden på forsøksfeltet hadde ein ikkje vilkår for å utføra. Det vart difor berre teke ei skynsvora botanisk analyse for dei første par åra i forsøkstida før første slåttan. Dei skynsvorne tala for kvitkløver er oppgjevne nedanfor i prosent av den samla plantesetnad:

	a	b	c	d
	%	%	%	%
Kvitkløver	10 — 13	25 — 28	11 — 15	25 — 30

Desse tala gjev så nokolunde innhaldet av kvitkløver i plantesetnaden, endå om tala ikkje er så heilt nøgne. Med omsyn til grasarter så hadde alle forsøksrutane eit tett plantedekke, men det var likevel litt skilnad dei første to åra med omsyn til frodig vekst. På ledd a så det ut til at grasveksten var ein smule mindre frodig enn på ledd b. Det same såg i nokon mon ut til å vera tilfelle på ledd c jamført med ledd b og d, men for det siste forsøksåret såg det derimot ikkje ut til å vera nokon synberr skilnad i grasveksten mellom dei ein-skilde ledd.

Ein må elles få nemna at under utstrøing av smittejord i 1939 hadde ein litt smittejord til overs. Denne smittejorda vart strødd ut på nordre og nordaustre sida av forsøket utanfor gjerdet. Eit fotografi som vart teke i 1943, året etter at forsøket måtte leggjast ned, syner plantesetnaden av kvitkløver både på ein del av sjølve forsøksfeltet og på den smittestrødde delen av jorda nord og aust for sjølve forsøket. På sjølve forsøket der ruteskilta enno står, kan ein sjå klår skilnad på forsøksledd med og utan bakteriesmitte, og utanom feltet er det frodig kløvervekst på den smittestrødde jorda.

Ut frå det som er nemnt om dette forsøket, må ein sjå det som ein stor føremon å smitta nydyrka «dau» myrjord med ein kultur av gode, kvævesamlende bakteriar. Tilføring av mindre mengder husdyrgjødsel åleine til slik jord kan nok ha sine føremoner, men kan på ingen måte jamførast med å smitta jorda med ein god bakteriekultur.



**Litteraturlista.**

1. Gaarder, T., og O. Hagem. (1921). Salpetersyredannelse i udyrket jord. Medd. nr. 4 fra Vestlandets forstlige forsøksstation.
2. Hovd, A. (1927). Forsøk med ymse smittemåtar på myr. Melding om det 18-de og 19-de arbeidsåret ved Det norske myrselskaps forsøksstasjon.
3. Solberg, Paul, og O. Braadlie. (1957). Nitrat- og ammoniuminnhold i dyrket jord med og uten plantevekst. Forskning og forsøk i landbruket, hefte 5.

## OM UTNYTTING AV FORSKJELLIGE ARTER KVITMOSE I JORDBRUK, GARTNERI OG SKOGBRUK

*Ved konsulent Per Hornburg.*

Kvitmoseartene (Sphagnales) er stort sett meget like og ofte vanskelige å skille fra hverandre uten ved mikroskopets hjelp. Likevel finnes det såvidt store forskjelligheter i bygningen av de ulike arter, at man ved noe øvelse kan skille ut og ordne arter med særlige felles særegenheter i grupper, ved hjelp av det blotte øye.

Spørsmålet er om de ulike bygningstrekk hos kvitmosene har noen praktisk betydning når det gjelder deres utnyttelse i jordbruk og gartneri m. v.

Bruken av kvitmosetorv i form av torvstrø, innskrenket seg tidligere vesentlig til oppsamling av den flytende gjødsel. Dets viktigste oppgave er da å kunne suge til seg størst mengde vann og oppløsninger. Denne vannoppsugende evne er meget forskjellig for de ulike arter, og beror vesentlig på måten plantenes cellesystem er bygget opp. Men forhold som torvens humifiseringsgrad (omdannelse) og finhetsgrad har også meget å si. Således vil uomdannet eller svakt omdannet kvitmose ha større oppsugningsevne enn sterkere omdannet kvitmosetorv, likesom den innen visse grenser vil øke noe med hvor finknust den er i «tørr» tilstand.

Som kjent har kvitmosetorven også fått en annen anvendelse enn bare til strø. Jeg tenker da først og fremst på dens bruk som jordforbedringsmiddel. Behovet for tilførsel av humusstoffer, f. eks. til gartneriene er velkjent, og under mange forhold er det praktisk talt ikke mulig å drive rasjonell veksthuskultur uten stadig tilgang på humusstoffer. Vi ser da også at gartneriene i større og større grad er kjøpere av det torvmold som fabrikkene produserer.

Det kan da reise seg det spørsmål om de ulike arter av kvitmoser er like godt egnet som jordforbedringsmiddel. Eller når det gjelder dyrking og skogreising på mosemyr, om det kan være grunn til å ta i betraktning også andre egenskaper ved kvitmosetorven når dyrkingsverdet skal vurderes, enn forhold som omdannelsesgrad, næringsinnhold og myrplantenes krav til vokseplassen m. m. Det